



Kvinnherad kommune

Rådmannen

Vår ref:

Dato: 24.11.2015

Budsjett 2016 Økonomiplan 2016-2019

Handlingsplan 2016-2019.

INNHOLD

0. FORSLAG TIL VEDTAK	3
1. RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR	5
1.0 <i>Tabell 1 Kapitalkostnader</i>	8
1.1. INNTEKTER	8
1.1.2 FRIE INNTEKTER.....	8
1.1.2.1 <i>Skatteinntekter</i>	9
1.1.2.2 <i>Tabell 2. Rammeoverføring</i>	9
1.1.3 ANDRE INNTEKTER	10
1.1.3.1 <i>Kraftfondet</i>	10
1.1.3.2 <i>Konsesjonsstraum</i>	10
1.1.3.3 <i>Eigedomsskatt</i>	10
1.1.3.4 <i>Ubytte Kvinnherad Energi</i>	10
1.1.3.5 <i>Andre poster</i>	10
1.2. UTGIFTER	11
1.2.1. KONSEKVENSJUSTERT BUDSJETT VERKSEMDER 2016.....	11
1.2.1.2 <i>Tabell 4 Verknad statsbudsjettet</i>	13
1.2.1.4 <i>Tabell 6 Rammer til Verksemndene. Økonomiplan 2016-2019</i>	15
1.2.1.5 <i>Tabell 7 . Inntekter økonomiplan 2016-2019</i>	<i>Feil! Bokmerke er ikke definert.</i>
1.2.2. INVESTERINGSBUDSJETT FOR 2016 OG Ø-PLAN 2016/2019:	16
1.2.2.1 <i>Tabell 8. Prosjekt 50 Vatn og Prosjekt 51 Avløp</i>	16
1.2.2.2 <i>Tabell 9. Prosjekt 52 Veg/Park/Idrett, prosjekt 53 Bygg og Prosjekt 59 andre prosjekt</i>	17
1.2.2.3 <i>Tabell 10 . Prosjekt Nye Tiltak- ynskjer frå verksemndene</i>	21
1.2.2.4 <i>Tabell 11 Totale investeringar 2016-2019</i>	<i>Feil! Bokmerke er ikke definert.</i>
2. HANDLINGSPLAN 2016 – 2019.....	24

0. Forslag til vedtak.

Budsjettvedtak 2016:

- 1) Kommunestyret godkjenner driftsinntektene for budsjett 2016 slik det går fram av tabell 2.
- 2) Kommunestyret godkjenner rammene til skulane, barnehagane, sonene og dei andre verksemndene i budsjettet for 2016 slik det går fram av tabell 6.
- 3) Kommunestyret godkjenner investeringane i budsjettet for 2016 slik det går fram av tabell 8, tabell 9 og tabell 10.
- 4) Kommunestyret godkjenner økonomiplan 2016 – 2019 slik det går fram av vedlegg tabell 7.
- 5) Kommunestyret godkjenner handlingsplan 2016 – 2019 slik det går fram av vedlegg 2.
- 6) Ordføraren si godtgjersle for 2016 blir sett til 95,0 % av løna til ein stortingsrepresentant, medan varaordføraren si godtgjersle for 2016 blir sett til 15,0 % av ordføraren si godtgjersle.
- 7) Inntekts- og formuesskatten for 2016 blir utlikna etter dei satsar som Stortinget bestemmer.
- 8) Marginalavsetjing av innbetalt skattesum blir sett til 9,0 %.
- 9) I medhald av eigedomsskattelova § 2, 3 og 4 blir det i 2016 vidareført utskriving av eigedomsskatt.
 - a) Eigedomsskatteområdet er faste eigedommar inkludert verk/bruk og næring i heile Kvinnherad kommune etter Eigedomsskattelova § 3a.
 - b) Skattesatsen for kommunen vert sett til 7 %, jamfør Eigedomsskattelova § 11. Skattesatsane vert differensiert ved at skattesatsen som skal gjelda for bustad og fritidseigedommar vert sett til 2 %. jf. § 12
 - c) Skattevedtekten i kommunen etter Eigedomsskattelova § 10 er justert i tråd med nye regelendringar som gjeld frå 2013, og som er godkjende av kommunestyret den 20.12.2012. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.
 - d) Skatten forfell til betaling i to terminar, 20. april og 20. oktober 2016, jamfør Eigedomsskattelova § 10. I medhald av Eigedomsskattelova § 7 bokstav a og b, vert det fritak for eigedomar til stiftningar og institusjonar som tek sikte på å gagne kommunen, fylket eller staten, samt bygningar av historisk verdi.
- 10) Arbeidet med å redusere driftsutgiftene og då spesielt lønsutgiftene skal intensiverast. Ein gjennomgang for å få redusert talet på tilsette med 100 skal leggjast fram i samband med revidert budsjett i juni 2016. Då skal også alle konsekvensar av slik reduksjon leggjast fram, og det skal skiljast mellom lovpålagde og ikkje lovpålagde oppgåver. Vidare skal minimumsnivå på tenestene gå fram.
- 11) I påvente av at reduksjon i tal tilsette skal senke driftsutgiftene blir det i første halvår 2016 innført tilnærma tilsettjingsstopp, innkjøpsstopp, reisestopp, stopp i overtidsbetaling og vikarbruk, stans i tilskotsutbetaling og i all bruk av andre midlar som kan utsetjast. Vidare blir seniorordningane avvikla og det blir slutt på ekstra betaling for åremålsstillingar.
- 12) For 2016 blir det lagt opp til ei samla investeringsramme på kr. 149,1 mill.
 - (a) Husbanklån utgjer kr. 25,0 mill.
 - (b) Eigenkapitalinnskot til KLP er kr. 2,6 mill.
 - (c) Ein budsjetterer med ei tilbakebetaling frå Folgefondtunellen på kr. 7 mill etter at bompengeperioden er over 1.juli 2016.
 - (d) Unytta lånemidlar i 2015 vil ved budsjettrevisjonen våren 2016 bli trekt frå låneopptaket.
 - (e) Låna får ei løpetid i tråd med kommunelova § 50.
 - (f) Avdraga blir sett til maksimum 40 år.
 - (g) Rådmannen får fullmakt til å godkjenne lånevilkåra innan vedtekne budsjettrammer.
- 13) Kommunestyret vedtek låneporføljen til Kvinnherad kommune, og alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansiering i 2016. Rådmannen får fullmakt til å avgjere kva lån som skal nedbetalast, uavhengig av tidlegare vedtak om nedbetaling.

- 14) Det blir sett av investeringsmidlar til vatn og avløp som er i tråd med vedteken «Kommunedelplan for vassforsyning og avløp». Prosjekt som det ikkje spesifikt er sett av midlar til, men som vert finansiert frå «Diverse investeringar», skal godkjennast politisk dersom tiltaket kostar meir enn kr. 1,0 mill.
- 15) Eit mogeleg positivt premieavvik for pensjonsinnbetalingane skal setjast av på eit avviksfond. Kostnaden relatert til tidlegare premieavvik skal dekkast av dette fondet og av oppspart bufferfond.
- 16) Frå 01.01.16 eller frå den tid det er lovleg eller praktisk kan gjerast, vert følgjande gebyr innan Vatn, avløp, renovasjon og slamtøyning endra slik det kjem fram av vedlegg om kommunal gebyr :
- Drikkevassgebyra vert auka med 4,5 % og avløpsgebyra med 3,5 % i samsvar med vedteken kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2013 – 2024.
 - Renovasjonsgebyra og slamtømegebyra vert endra i tråd med tilråding frå Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS. Det er ei målsetjing at det skal vera like renovasjons- og slamgebyr i alle SIM-kommunane.
- 17) Frå 01.01.16 eller frå den tid det lovleg eller praktisk kan gjerast, vert følgjande avgifter, gebyr og betalingssatsar endra:
- Utsleppssaker vert auka tilsvarende konsumprisindeksen.
 - Uttikking bygg vert auka med 5%.
 - Kartforretning vert auka som følgjer:
 - Matrikulering og arealoverføring små tomter (D.1.1.a og D.4.1.a) aukar 10%
 - Matrikulering og arealoverføring middels tomter (D.1.1.b og D.4.1.b) aukar 5%
 - Øvrige gebyr aukar tilsvarende konsumprisindeksen
 - Byggesak vert auka med 5%.
 - Nye gebyr byggesak:
 - Matrikkelføring ikkje søknadspliktige saker kr 1.320
 - Behandling dispensasjon utan høyring kr 7.875
 - Reguleringsplaner vert auka som følgjer:
 - Basisgebyr og mindre endring aukar med 10%
 - Øvrige gebyr aukar tilsvarende konsumprisindeksen
 - Seksjoneringssaker som krev synfaring vert endra etter Staten sine satsar.
 - Seksjoneringssaker som ikkje krev synfaring vert endra etter Staten sine satsar
 - Årspllass kulturskulen vert auka med 3,0 %.
 - Instrumentleige kulturskulen og dirigenttenester vert auka med 3,0 %.
 - Foreldrebetaling SFO vert auka med 3,0 %.
 - Barnehagesatsane vert sett lik Stortinget sine maksimalsatsar.
 - Gebyr for unødig brannalarm meir enn ein gong pr. år blir auka frå kr. 2 800,- til kr. 3 000,- eks. mva.
- 18) Alle husleiger blir auka i tråd med konsumprisindeksen. I tillegg skal husleigene vere identiske når husværa overstig 100 m². For vanskelegstilte, minstepensjonistar og unge uføre er husleiga eks. straum sett til maks kr. 5 000,- kr pr. månad. For par som begge er vanskelegstilte, minstepensjonistar eller unge uføre er maks husleige eks. straum sett til 7 000,- kr pr. månad. Inndekning av differanse mellom gjengs husleige og subsidiert husleige vert inn dekt over NAV budsjett.
- 19) Alle løvingar til tiltak i investeringsbudsjettet som blir overført frå eit år til neste skal visast i årsmelding og godkjennast i revidert budsjett.
- 20) Kommunestyret set ramma for Kontrollutvalet til kr 1.000.000.
- 21) Det skal lagast plan for finansiering av ny idrettshall på Husnes. Planen skal vera ferdig til revidert budsjett i juni 2016.

22. Prosjekt for høgare utdanning, i regi av Kvinnherad Næringservice får midlar som driftstilskot over budsjett for verksemd for Samfunnsutvikling. Dette i samsvar med søknad.
23. Nivå på antal lærningsplassar i Kvinnherad kommune skal vidareførast. Det skal til revidert budsjett i 2016, kartleggast naudsynt framtidig behov for lærlingar med intensjon om opptrapping til 2 pr. 1000 innbyggjarar.
24. Planarbeid for ny ferjekai Skjelnesodden på Varaldsøy skal intensiverast. Kvinnherad kommune signaliserer vilje til forskotering av midlar i samarbeid med Hordaland Fylkeskommune til forsering av planprosessen.
25. Det skal etablerast tenleg internett-løysing for pasientar/bebuarar og pårørande ved institusjonane i Kvinnherad.
26. Det skal greiast ut framtidig lokalisering av aktivitetssenter på Husnes. Det skal arbeidast for å etablira ein frivilligsentral i Rosendal. Kommunen ønskjer, og er positiv til at frivillige lag og organisasjonar nyttar kommunale bygg til frivillig aktivitet.
27. Nye retningslinjer for næring- og bustadutvikling vert utarbeida. Jfr 2.500.000 i investeringsbudsjett og økonomiplan. Administrasjonen legg fram eiga sak til Formannskapet, seinast ved handsaming av revidert budsjett 2016.

1. Rådmannen sine kommentarar.

Rådmannen legg med dette fram følgjande dokument:

- Budsjett for 2016
- Økonomiplan for 2016-2019
- Handlingsplan for 2016-2019 .

Kvinnherad kommune har i utgangspunktet eit godt økonomisk grunnlag fordi kommunen har inntekter frå kraft i form av :

- | | |
|---|----------------|
| • Eigedomsskatt på verk og bruk , og næring | ca. 65,0 mill, |
| • Konsesjonsstram | ca. 23,5 mill, |
| • Konsesjonsavgift | ca. 8,5 mill. |

I høve til dei fleste kommunar på vår storleik gjev dette oss eit handlingsrom. Men som KOSTRA-tala har vist år etter år, nyttar vi meir midlar på skule og pleie/omsorg enn dei andre kommunane. Sjølv om kommunen dei siste åra har redusert talet på tilsette, er talet på tilsette i desse sektorane fortsatt høgt og lønskostnadane våre er store samanlikna med andre kommunar.

Inntekter.

Kommunen sine inntekter fordeler seg på frie inntekter (skatt og rammetilskot), andre inntekter

(eigedomsskatt, kraftinntekter og momsrefusjon), kapitalinntekter frå mellom anna VA-sektoren og andre mogelege inntekter. Til fråtrekk kjem kapitalutgifter på dei kommunale låna, utgifter til bundne fond, premieavvik pensjon og utgifter til eigenfinansiering av investeringar.

Frie inntekter:

Det samla rammetilskotet er i tråd med forslag til statsbudsjett for 2016, og auken frå i år til neste år er på 7,568 mill. kr eller 2,2 %. Årsaka til den låge veksten er endra finansieringsordning medmeir til vekstkomunane og tilsvarande mindre til distriktskommunane. I tillegg kjem bortfall av skjønstillskot etter at arbeidsgjevaravgifta vart redusert. Her får alle dei aktuelle kommunane ei nedtrapping av tilskotet over fleire år. Unntaket er Kvinnherad som misser heile tilskotet på to år.

Staten gjev kommunane rammeoverføringer utifrå mellom anna ein forventa lønsvekst. Vårt problem i den samanhengen er at vi ikkje får kompensert lønsauken for den delen av lønsmassen som er over snittet. Dette er for tida vår største utfordring.

Så lenge vi ikkje maktar å effektivisera tenestene i skule og pleie/omsorg, vil problemet fortsetja, og også auke i åra framover.

Eigedomsskatt på hus/hytter vert , i tråd med ø-planen for 2015-2018, føreslege innført. Satsen vert sett til 2 promille, som gir ei inntekt på kring kr.14.5 mill. Satsen kan no settast til eit tal mellom 0 og 4 promille.

Eigedomsskatt på næring og på verk og bruk er lagt inn med ein reduksjon på kr.1,25 mill då lågare straumpris og endringer i skattereglane også kan påverke

Eigedomsskatten . Her kan SKL sine nye utbyggingsplanar gje kommunen ein auke i eigedomsskatten spesielt i anleggsperioden, men grunna forslaget til endra skattereglar kan prosjektet bli utsett. Difor ser ein i grunnlaget bort frå slik auke. Samla eigedomsskatt for 2016 er sett til kr. 80 mill.

Investeringsbudsjettet, som har verknad for kapitalkostnadane i drifta, legg rådmannen inn vedteken økonomiplan for perioden 2015-2018. Av alle tiltaka som er føreslede frå verksemndene, til saman kr. 28,6 mill. i 2016, foreslår rådmannen berre eit nytt tiltak, energimerking av bygningar med kr. 450.000.

Rådmannen har lagt inn forslaga frå skulebruksplanen når det gjeld investeringar:

Prosjekt: 53 BYGG	2 016	2 017	2 018	2 019
Austsida skule (skulebruksplan)		10 000 000	58 000 000	58 000 000
Vestsida skule (Underheim-skulebruksplan)	10 000 000	52 750 000	52 750 000	0

Anbod på Rosendalstunet er no kommet og ein legg inn i budsjettet tal frå det økonomisk mest fordelaktige anbodet. Samla kostnad vert no sett til kr. 203 mill., med venta tilskot på ca.kr.88 mill og moms med kr. 50,8 mill. Nettokostnad vert etter dette kr. 74,2 mill.

Kvinnherad kommune er ein av dei kommunane som har høg gjeld i høve til folketalet. Det er viktig å vera klar over at investeringar (når ein ser bort ifrå investeringar til VA, som er sjølvfinansierande) kjem til å tappa av disponible inntekter til drift.

Kvinnherad kommune har gjennom fleire år opparbeida seg ei gjeld som målt pr. innbyggjar er blant dei høgaste i landet. Ved utgangen av 2. tertial 2014 – er gjelda kr.1.260 mill eller kr. 95.738 pr. innbyggjar.

Med ei så høg gjeld vil ei kvar endring i renta slå kraftig ut i budsjett/økonomiplan. Med dei låna og vilkåra vi

har på våre lån inn i 2016, sett vi snittrenta for 2016 til 2,34

For økonomiplanperioden legg vi inn at den vil synke ytterligere i 2017 for så å stige gradvis fram mot 2019 der vi legg inn 2,30 %. Pr. dato er 2/3 av lønemassen sikra i fastrentelån med 3-5 års løpetid. På desse låna er renta under 2 %.

Med dette utgangspunktet og rådmannen sitt forslag til investeringsbudsjett i Tabell 4 , vil kommunen ha slik utvikling i lønegradi.

1.0 Tabell 1 Kapitalkostnader

<u>Investeringer, låneopptak og gjeld</u>			Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
			2015	2016	2017	2018
Investeringer i ø-plan				145 306	89 749	133 700
Låneopptak i ø-plan				102 002	45 018	102 000
Total gjeld			<u>1 260 000</u>	<u>1 345 407</u>	<u>1 369 259</u>	<u>1 447 492</u>
Gjeld pr.innbygger			95 281	101 740	103 543	109 459
Avdrag gamle lån			-	40 320	43 053	43 816
Renter gamle lån			-	29 016	27 280	27 900
Avdrag nye lån				1 275	3 113	4 950
Renter nye lån				816	1 972	3 292
Kapitalkostnader			<u>-</u>	<u>71 427</u>	<u>75 418</u>	<u>79 959</u>
						<u>87 098</u>

Sjølv utan nye investeringar utover det som tidlegare er vedteke, når ein ikkje målsetjinga om å redusere lånegjelda i perioden.

I gjeldande Handlingsplan har ein ei målsetjing om 3,0 % overskot på netto driftskostnader. Staten seier no at alle kommunar bør ha eit overskot på 2,0% Rådmannen finn dessverre ikkje rom for å budsjettere med noko overskot.

1.1. Inntekter

1.1.2 Frie inntekter

Forenkla er det slik at frie inntekter, som er skatt og rammetilskot frå staten, er det kommunane treng for å drifta tenestene sine, samt dekke renter/avdrag på investeringar. Desse vert justert etter mange faktorar, mellom anna folketal.

Staten har som mål at dei frie inntektene skal ha ei utvikling som svarar til forventa pris og lønsvekst for sektoren. I Fylkesmannen sitt notat om statsbudsjettet står det:

Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2016

Prisindikatoren for 2016 er i framlegget 2,7 prosent. Prisindikatoren blir nytta til prisjustering av statleg rammeoverføring og øyremerka tilskot i statsbudsjettet.

Prisindikatoren består av :

<i>Lønsvekst</i>	<i>2,7 prosent</i>
<i>Varer og tenester</i>	<i>2,5 prosent</i>
<i>Samla prisvekst</i>	<i>2,7 prosent</i>

Fordi vi har større lønsutgifter enn snittet av norske kommunar vert samla prisvekst hos oss høgare. Dette betyr at vi ikkje får dekka all løns- og prisvekst.

1.1.2.1 Skatteinntekter

Auken i skatteanslaget for Kvinnherad kommune er i statsbudsjettet på 20,446 mill. kr eller på 6,1 %. Det blir presisert at dette kun er eit anslag, og at kommunane må justere for lokale tilhøve. Etter at skatteanslaget for 2015 vart redusert, er auken frå 2013 til 2015 berekna til 13,221 mill. kr, eller 6,611 mill. kr pr. år. Sjølv med auke i skatteøyret frå 11,35 til 11,80 % tyder dette på at anslaget for 2016 er for høgt. Spesielt høgt blir det når ein veit at sysselsetjinga og talet på skatteinntekter i Kvinnherad er på veg ned. Rett nok vil staten dekke litt av eit skattetap, men like fullt vil rådmannen rå til at ein må senke skatteanslaget for 2016 med 12,6 mill. kr. Det er meir enn i år då anslaget vart redusert med vel 5,0 mill. kr.

1.1.2.2 Tabell 2. Rammeoverføring

Tal i 1 000,-	Rekneskap	Revidert b.	Øk.plan	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
Inntektpostar	2014	2015	2015	2016	2017	2018	2019
Innbryggjartilskot	-355 731	-328 083	-367 579	-336 984	-352 485	-368 700	-385 660
Skjønnstilskot	-19 500	-8 117	-6 183	-5 200	-5 200	-5 200	-5 200
Selskapsskatt/ Distriktstilskot	-6 909	-9 463	-7 151	-12 658	-12 911	-12 911	-13 169
Inntektsutj./komp. for endr.	-5 422	-8 990	-4 968	-10 560	-11 046	-11 554	-12 085
Skatt	-317 352	-322 955	-332 692	-342 928	-358 703	-371 257	-383 138
Justert anslag skatt grunna lokale høve.	0	0	0	7			
Sum frie inntekter	-704 914	-677 608	-718 573	-708 323	-740 345	-769 622	-799 252
MVA investering	0						
MVA drift	-21 532	-20 500	-20 500	-20 500	-21 013	-21 538	-22 076
Eigedomsskatt	-61 597	-66 750	-61 450	-80 000	-80 000	-80 000	-80 000
Utbytte frå Kvinnh. Energi	-9 000	-9 000	-9 000	-9 000	-9 000	-9 000	-9 000
Vinst / tap frå kraftfondet	-62 023	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
Konsesjonsstraumsal	-23 009	-23 500	-27 000	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
Konsesjonsavgifter	-9 007	-8 500	-8 300	-8 500	-8 500	-8 500	-8 500
Andre inntekter og utgifter	1 455	612	612	500	500	500	500
Sum andre inntekter	-184 712	-147 638	-145 638	-157 500	-158 013	-158 538	-159 076
Renter diverse bankinnskot	-2 541	-1 300	-1 000	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Dekking VA-investeringar	-11 303	-12 567	-12 000	-13 218	-14 665	-16 592	-17 706
Refusjon renter skuleinnv.	-5 526	-5 500	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
Komp.tilskot husbanken	0	0	-6 000	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000
Renter formidlingslån	-2 764	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500	-4 500	-4 500
Renter næringslivslån	-1 103	-500	-500	-750	-750	-750	-750
Avdrag kommunale lån	37 542	39 939	41 200	40 320	43 053	43 816	46 320
Renter kommunale lån	39 227	27 728	46 700	29 016	27 280	27 900	28 520
Avdrag nye lån				1 275	3 113	4 950	6 769
Renter nye lån				816	1 972	3 292	5 490
Sum renter og avdrag	53 531	44 300	63 400	46 459	49 003	50 616	56 642
MVA –komp til investering	0	0					
Bundne fond	434	692	500	500	500	500	500
Premieavvik pensjon	7 871	9 000	6 700	9 000	9 000	9 000	9 000
Bruk av unytta overskot/dekking underskot	-83 086	-6 000	-14 404	-9 000	-9 000	-9 000	-9 000
Avsetting til fond							
Vedlikehaldsfond/Investeringsfond	20 000	0	5 000	5 000	10 000	15 000	20 000
Sum bundne innt./ utgifter	-54 781	3 692	-2 204	5 500	10 500	15 500	20 500
Sum disponibele inntekter	-890 876	-777 254	-803 015	-813 864	-838 855	-862 044	-881 186
Overskot til driftsfond	100 105	274	0	0	0	0	0
Sum inntekter til drift	-790 771	-776 980	-803 015	-813 864	-838 855	-862 044	-881 186
Driftskostnader	790 771	776 980	794 748	813 864	838 855	862 044	881 185
Underskot i året				0	0	0	0
Avsetting overskot til fond				0	0	0	0

1.1.3 Andre inntekter

Andre inntekter kan variere frå kommune til kommune. Nokre kommunar, som Kvinnherad, har store inntekter. Dette er inntekter som ikkje har same utvikling som kostnadsveksten i sektoren. For Kvinnherad er dette også inntekter med store svingingar.

1.1.3.1 Kraftfondet

Verdien av kraftfondet var ved utgangen av 2014 kr. 560, 4 mill. Pr dato er verdien auka med 11% til kring kr. 617 mill. Det er i budsjettet for 2015 vedteke å nytta kr.20 mill av avkastninga i drifta.

Kraftfondet følger utviklinga i verdsøkonomien og kan difor svinga mykje frå år til anna. For å unngå dei vanskar slik inntektsvariasjon skaper, er det viktig at inntektene blir fasa ut av drifta så raskt som mogeleg. I den grad inntektene kjem må dei i staden nyttast til eigenfinansiering av investeringane. Då kan veksten i lånegjeld og kapitalkostnader dempast. I grunnlaget legg ein difor opp til ei samla årleg avkastning frå fondet på 20,0 mill. kr, eller 3,5 %. Første året går 15,0 mill. kr til drift og 5,0 mill. kr til investering. Året etter går 10,0 mill. kr til drift og 10,0 mill. kr til investering, og slik held ein fram til heile forventa avkastning på 20,0 mill. kr går til delfinansiering av investeringane.

1.1.3.2 Konsesjonsstraum

Inntekter konsesjonsstraum er redusert frå kr. 36 mill. i 2012 til kr. 31 mill. i 2013. Ved budsjettrevisjonen i juni vart inntekta sett til kr. 27 mill. for 2014. rekneskapet for 2014 vart kr.23,0 mill.

Kommunen har frå 2015 inngått avtale med Markedskraft/ Kvinnherad Energi om sal av konsesjonsstraumen for perioden 2015-2018, og utifrå signal frå forhandlingar med MK/KE set rådmannen anslaget for 2015 til kr. 23,5 mill. Pr dato ser det ut til at inntekta frå konsesjonsstraum i 2015 berre vert kr.19,5 mill. Og rådmannen foreslår at budsjettet for dei nærmaste åra vert sett til kr.20 mill.

1.1.3.3 Eigedomsskatt

Utvikling eigedomskatt på verk og bruk er over tid, over ein 5-års periode, avhengig av utviklinga i resultatet for Statkraft og SKL.

Eigedomsskatt på hus/hytter vert , i tråd med ø-planen for 2015-2018, føreslege innført med ei inntekt kr. 14,5 mill. Eigedomsskatt på næring og på verk og bruk er lagt inn med ein reduksjon på kr.1,25 mill då lågare straumpris og endringer i skattereglane også kan påverke eigedomsskatten . Her kan SKL sine nye utbyggingsplanar gje kommunen ein auke i eigedomsskatten spesielt i anleggsperioden, men grunna forslaget til endra skattereglar kan prosjektet bli utsett. Difor ser ein i grunnlaget bort frå slik auke. Samla eigedomsskatt for 2016 er sett til kr. 80 mill.

1.1.3.4 Utbyte Kvinnherad Energi

Utbryte frå Kvinnherad Energi AS bør halverast. Årsaka er dei store investeringane som NVE krev at selskapet skal gjennomføre, samt andre naudsynte investeringar. Når låg straumpris i tillegg reduserer inntektene og pålegg om fordyrande organisasjonsendring må gjennomførast, bør eigar no redusere sitt uttak av utbytte. I grunnlaget nyttar ein difor 5,0 mill. kr i utbytte. For om mogeleg å redusere noko av konsekvensane av slik reduksjonen må det vurderast å nytta konsesjonskraft til å dekke inn straumbehovet i kommunale bygg.

1.1.3.5 Andre poster

- Konsesjonsavgift vert revidert utifrå nye utbyggingsplanar og vert auka med kr.0,2 mill. utifrå rekneskapstala.
- Kompensasjonsordningane frå Husbanken når det gjeld skuleutbyggingsplanar og omsorgsbustader er

tidsavgrensa , og einskilde tiltak får vi ikkje lengre kompensasjon for, og inntektsposten må reduserast med kr. 2 mill. til saman kr.5,5 mill.

- Premieavvik på pensjon er ein kostnad som er blitt eit problem for kommunen. Grunna ei ordning som vart innført i 2004 har kommunen opparbeida eit etterslep på pensjon på rundt 90 mill. kr. Dette må dekkast inn i åra som kjem og difor rår rådmannen til å auka summen med 2,3 mill kr til 9,0 mill kr.

1.2. Utgifter

1.2.1. Konsekvensjustert budsjett verksemder 2016.

Utgiftene er korrigert med konsekvensjusterte tal for verksemdene der verksemdene sine inngrep er tatt med. (Sjå vedlegg).Rådmannen har gått igjennom kvar verkemd sine budsjett og sett på dei kostnadene dei har når dei skal føra vidare dagens driftsnivå.

Kommunestyret gjev rammer for drifta til skule, barnehage og sonene i tillegg til dei øvrige verksemdene.

Det er i berekningane lagt inn ein auke i lønskostnader med 2,7 % (*som er den lønsveksten som regjeringa har lagt opp til i 2016 ifølge stortingsprop,*) og øvrige kostnader/ inntekter med 1,5 %.

Som det går fram av vedlagte inngrep frå verksemdene er auken i konsekvensjustert budsjett mykje større enn den veksten det er lagt opp til. Det er særleg innan PLO det er svært høg auke (i snitt 18,5 %) og særleg på Kompetansesenteret i Herøysundet (44,9%) og Rosendalstunet (19,9%). Det skuldast for ein stor del vedtak/ pålegg frå Fylkesmannen/ Fylkeshelsesjefen når det gjeld auka timer/ bemanning til einskildbrukarar.

Rådmannen finn ikkje anna løysing på gapet mellom utgifter og inntekter enn å foreslå ein ytterlegare reduksjon i bemanning. For å få til slik bemanningsreduksjon rår ein til at det blir sett ned ei prosjektgruppe med mandat å kome med framlegg om fordeling av færre årsverk i heile den kommunale organisasjonen, samt kva konsekvensar slik bemanningsreduksjon vil få. Her må også konsekvensane av færre tilsette i skulen takast med. Innstilling må vere klar til handsaming saman med revidert budsjett i juni 2016.

Straksstiltak:

Det vil naturleg nok ta litt tid før tal tilsette er blitt redusert, og i mellomtida må ein freiste å unngå ein situasjon der kommunen brukar pengar ein ikkje har. Difor er det viktig at ein i første halvår 2016 set i verk tiltak som omgåande reduserer kommunen sine driftsutgifter. Aktuelle tiltak som ein vil rá til blir vurdert gjennomført er følgjande:

- Stans i all overtidsbetaling som ikkje er heilt nødvendig.
- Stans i innkjøp som ikkje er heilt avgjerande for tenesteproduksjonen.
- Stans i tilsetjingar med unntak av stillingar som er heilt avgjerande for tenesteproduksjonen.
- Stans i inngåing av nye senioravtalar så langt dette er mogeleg.
- Stans i vedlikehaldsarbeid som ikkje kan utførast av eigne tilsette.
- Stans i reiseaktivitet som ikkje er nødvendig for å oppretthalde tenesteproduksjonen.
- Reduksjon i all vikarbruk som ikkje er tvingande nødvendig.
- Stenging av symjebasseng og terapibad. Symjeopplæringa blir konsentrerast til hausten

Tabell 3 Konsekvensjustert budsjett 2016.

	<u>Rev.bud 2015</u>	<u>Konsekvensjust.</u>	<u>Konsekvensjust.</u>	<u>Endring</u>	<u>Auke</u>
		Budsjett økt	budsjett 2016	2015/2016	i prosent
HALSNØY OPPVEKSTSENTER	21 221 102	21 942 376	21 646 154	425 052	2,00 %
BRINGEDALSBYGDA OPPVEKST	10 401 858	11 428 002	11 273 724	871 866	8,38 %
NORDSIDO OPPVEKSTOMRÅDE	17 134 685	18 839 716	18 585 380	1 450 695	8,47 %
USKEDALEN OPPVEKSTSENTER	13 431 465	14 602 375	14 405 243	973 778	7,25 %
ÅKRA OPPVEKSTSENTER	5 974 407	6 394 439	6 308 114	333 707	5,59 %
OMVIKDALEN OPPVEKSTSENTER	13 875 422	14 748 690	14 549 583	674 161	4,86 %
SKARVELAND SKULE	5 554 314	6 173 530	6 090 187	535 873	9,65 %
MALMANGER OPPVEKSTSENTER	14 762 243	16 334 653	16 114 135	1 351 892	9,16 %
VALEN SKULE	9 784 180	10 737 128	10 592 177	807 997	8,26 %
SUNDE SKULE	16 399 602	17 608 393	17 370 680	971 078	5,92 %
UNDARHEIM SKULE	19 167 110	20 268 398	19 994 775	827 665	4,32 %
ROSENDAL UNGDOMSSKULE	16 921 885	18 287 649	18 040 766	1 118 881	6,61 %
ØYATUN UNGDOMSSKULE	10 472 254	11 903 982	11 743 278	1 271 024	12,14 %
HUSNES UNGDOMSSKULE	27 057 723	27 471 943	27 101 072	43 349	0,16 %
HUSNES BARNEHAGESENTER	16 901 809	19 963 426	19 693 920	2 792 111	16,52 %
FELLESUTGIFTER SKULE	8 150 900	7 651 538	7 548 242	-602 658	-7,39 %
FELLESUTGIFTER BARNEHAGE	51 238 273	49 573 905	48 904 657	-2 333 616	-4,55 %
SUM Skule/barnehage	278 449 232	293 930 143	289 962 086	11 512 854	4,13 %
HALSNØYSONA	34 423 000	38 212 573	34 754 335	331 335	0,96 %
HUSNESSONA	94 056 000	102 124 907	92 882 603	-1 173 397	-1,25 %
Kompetansesenter Herøysund	45 241 000	65 591 698	59 655 649	14 414 649	31,86 %
ROSENDALSSONA	84 193 526	100 956 213	91 819 676	7 626 150	9,06 %
FELLESUTGIFTER SONENE	6 809 000	6 856 282	6 235 788	-573 212	-8,42 %
SUM Pleie og omsorg	264 722 526	313 741 673	285 348 052	20 625 526	7,79 %
FELLESTENESTER	39 947 000	40 544 121	38 577 731	-1 369 269	-3,43 %
KYRKJA OG ANDRE TRUSSAMFUNN	9 890 000	10 191 530	9 697 241	-192 759	-1,95 %
POLITIKK	5 790 000	5 607 857	5 335 876	-454 124	-7,84 %
NAV	9 985 000	12 053 311	11 468 725	1 483 725	14,86 %
SAMFUNNSUTVIKLING	14 209 000	16 332 433	15 540 310	1 331 310	9,37 %
BRANN,BYGG,EIGEDOM	45 764 706	46 501 519	44 246 195	-1 518 511	-3,32 %
KOMMUNALTEKNIKK	7 377 251	8 112 932	7 719 455	342 204	4,64 %
KULTUR OG FRITID	25 845 000	28 406 359	27 028 651	1 183 651	4,58 %
TILTAK OG TENESTER BARN OG UNGE	50 632 000	52 268 496	49 733 474	-898 526	-1,77 %
HELSETEN. OG REHABILITERING	24 368 105	26 134 827	24 867 288	499 183	2,05 %
SUM	233 808 062	246 153 385	234 214 946	406 884	0,17 %
TOTALT	776 979 820	853 825 201	809 525 083	32 545 263	4,19 %

Rådmannen har her lagt inn slik reduksjon i rammane til verksemndene:

<u>Korrigeringer</u>			
<u>alle verksemder</u>			-2,85 %
<u>alle verksemder utanom Skule/pleie</u>			-2,00 %
<u>PLO</u>			-6,20 %
<u>skule</u>			1,50 %
			-4,85 %
			-9,05 %
			-1,35 %

Med desse nedskjeringane balanserer budsjettet og nedbemanningsprosjektet må straks ta fatt for å finne ut konkret kva stillingar som skal fjernast.

1.2.1.2 Tabell 4 Verknad statsbudsjettet

Endringar i statsbudsjettet:			Budsjett
			2016
<i>Strakshjelp og døgnopphald PLO</i>			3 404
<i>Valkort</i>			25
<i>Makspris barnehagane</i>			-361
<i>Minstekrav foreldrebet. barneh.</i>			315
<i>Brukarsyrt personleg assistent</i>			550
<i>Gratis kjernetid barnehagane</i>			200
<i>Krisa i Syria</i>			20
<i>Likeverd priv./kom. barnehagar</i>			483
<i>Endr. finansiering priv. barnehagar</i>			-907
<i>Ny naturfagtime</i>			208
<i>Skatteoppkrevjing</i>			-134
<i>Husbanken</i>			-30
<i>Statleg/private skular</i>			-292
			3 481

Summen her er kr.3.481.000. Desse tala vert fordelt på verksemndene utifrå kven som har ansvaret.

1.2.1.3 Tabell 5 Rådmannen sitt forslag til saldering

Forslag til endringar i rådmannen si budsjettsaldering:				Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
				2016	2017	2018	2019
Auka drift etter utbygging Rosendalstunet					0	8 000	8 900
Valkostnader			300	0	300	-300	300
Innsparing skulebruksplan			-3 000				
Drift Varaldsøy				0		-3 750	-3 750
Eigedomsskatt på bustadhus, fritidseigedomar				-14 500	0	0	0
Eigedomsskatt på næring					0	0	0
Reduserte straumkostnader				0			
Endringer i driftsrammer:							
Effektivisering av drifta				-292	-6 472	-11 664	-17 967
Skulane				0	0		
Barnehagane				0	0		
Sonene samla				0	0		
TTBU				1 500	1 500		
NAV				-500	-500		
Helse og rehabilitering				0	0		
Samfunnsutvikling				-850	-850	75	75
Brann,bygg,eigedom				0	0		
Kommunalteknikk				0	0		
Kultur og fritid				1 000	1 000		
Fellestenester				0	0		
Politikk				0			
Kyrkja og andre trussamfunn							
Utgifter fordelt på verksemdene	790 771	776 980	780 750	813 864	838 855	862 044	881 185

- Det ligg inne ressurser til å drifta nye Rosendalstunet frå summaren 2018, samstundes som ein legg opp til å stengja Varaldsøy frå same tidspunkt.
- Rådmannen foreslår at utbyte frå Kraftfondet vert sett til kr. 20 mill. kvart år i planperioden, og rår til at uttaket gradvis vert fasa ut ved at ein nyttar 5 mill til investeringsfond i 2016 og så aukar det i resten av ø-planen..
